



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Magnus Johan Steinsvåg, 5557 2325

Høyring om utviding av Austefjorden og Blånuten naturreservat i Kvinnherad

Som ein del av arbeidet med å ta vare på naturmangfaldet i Vestland sender vi ut framlegg om utviding av Austefjorden og Blånuten naturreservat gjennom frivillig skogvern.

Framlegg vert gjort i dialog med grunneigarane og Framtre (tidlegare AT Skog). Føremålet med dette brevet er å informere om prosessen etter naturmangfaldlova, og for å legge til rette for medverknad og innspel frå aktuelle partar.

Utvidingsområda omfattar areal sør for dagens avgrensing i Kvinnherad kommune, og inkluderer delar av Vardeggene, Kvitebergsmyrane og Kvitebergsbruna. I søraust er det ønskjeleg å inkludere tilbode areal slik at vi får kontakt med Tveitane naturreservat. I tillegg er eigedom 35/2 inkludert. Denne eigedomen er lokalisert sentralt i eksisterande naturreservat.

Det tilbode område for frivillig skogvern omfattar eigedomane gnr/bnr: 11/2, 22/1-2, 22/3, 22/4, 22/5, 25/1, 29/1, 29/2, 29/6 og 35/2 i Kvinnherad kommune. Totalt er området på 3 467 dekar, derav 3 104 dekar skog og 2 634 dekar produktiv skog. Med utvidinga vil totalarealet for Austefjorden og Blånuten naturreservat kome på 10 653 dekar, og styrke økologiske nettverk med nærliggande skogreservat.

Området utgjer relativt store areal med gamal og storvaksen furudominert skog. Her er godt innslag av litt kalkrike skog - og vegetasjonstypar, og stadvis stor treslagsvariasjon med betydeleg innslag av osp og edellauvtre. Det er stor topografisk variasjon, med førekomst av mange rikare myrar og bekkedrag som samla sett gjev stor habitatdiversitet. Vernet vil sikra samanhengande naturområde og styrka økologiske nettverk i eit av kjerneområda for skognatur i Vestland.

Plan - og inngrepsstatus

I gjeldande kommuneplan i Kvinnherad kommune (av 22.03.2018) har området føremålet landbruk, natur- og friluftsføremål (LNFR). Det er ingen kraftlinjemaster eller andre større tekniske inngrep innafor verneframlegget. I sørvestre del av område, på eigedom 22/5, går det ein skogsbilveg som buktar seg nordaustover om lag 300 meter inn i området.



Det er nokre granbestand innafor tilbodsområdet (om lag 90 dekar kartfesta), og i tillegg enkelttre av sitkagran. Det er påvist spreining og naturleg forynging av både sitkagran og vanleg norsk gran. Dette er treslag som lett kan konkurrere ut heimhøyrande treslag, og det er derfor ønskjeleg å handtere dette i naturreservatet.

Verneverdiar i naturreservatet

Storparten av tilbodsområdet vart kartlagt i 2024 som ein del av denne skogvernutgreiinga. Derfor er omtalen under i hovudsak henta frå denne. I tillegg har representant frå Statsforvaltaren vore på synfaring i området i samband med vernearbeidet.

Skogen varierer mykje i alder og samansetjing gjennom heile verneframlegget. Furu er som regel det dominerande treslaget, men lauvtredominert blandingsskog opptre fleire stader, særleg omkring Raudstølsbotn, ved Klypet i søraust, og vest for Kvitebergsmyrane. Den eldste skogen strekk seg i eit breidt, men ujamnt band frå toppen av Kvitebergsbruna og nordover via Fuglhaugen til Vardeggjene. I dette området er det mykje gamal, og dels storvaksen furuskog med relativ høg tettleik av biologisk gamle tre over 200 år gamle. Eldste furu som vart målt (ved treboring) var om lag 375 år gamal.

Førekost av dei rikaste vegetasjonstypene er særleg stor langs hovudvassdraget gjennom tilbodsområdet, som strekk seg frå dalsøkket i nordvest for Raudstølsbotn sørover via Kvitebergsmyrane og ned Klypet. Relativ rik vegetasjon førekjem elles ganske så regelmessig i søraust-vendte skråningar knytt til dei mange små bergryggane og sprekke- og bekkedalane som går i ein nordaustleg-sørvestleg retning gjennom heile området. Av desse vegetasjonstypene er svak lågurtskog og svak bærlyng-lågurtskog mest utbreidd, men stadvis også betydeleg innslag av storbregneskog og intermediær/litt kalkrik sumpskog. Små areal med rikare lågurtfuruskog førekjem også mange stader. Kvitebergsmyrane og eit par andre lågareliggande myrar, består i stor grad av intermediær til litt kalkrike myrflater og myrkantar, med blant anna bukkeblad, myrsnelle, stjernestorr og særbustorr. Det er også innslag av meir basekrevjande planter som gulstorr og engstorr.

Gunstig lokalisering av utvidingsområdet og lokalklimatiske tilhøve gjev grunnlag for førekost av enkelte artar knytt til låglandsskog og/eller eit oseanisk klima. Eksempelvis har noko av skogen omkring kvitebergsmyrane kvalitetar og artsinventar som syner tendensar mot boreonemoral regnskog. Påviste artar er mellom anna kystkantlav (EN), stjerneflekklav (VU) og gul pærelav (NT).

Det er også gjort funn av sjeldne artar knytt til gamal naturprega skog. Flekkvitkjuke (NT) er registrert under kartlegginga i 2024 og utgjer ein av fire kjente førekostar i Vestland. Raudlistearten er ei sjeldan kjuke (sopp) og veks på furulæger (liggande død ved) av kelo-type i gamal furuskog. Furustokkjuke (NT) vart funnen på tre stader under kartlegginga. Dette er ein karakterart i naturskog med furu, der den har ein nøkkelfunksjon i økosystemet ved å danne holrote som gjev hole tre som mange andre artar, særleg insekt, er avhengige av.

Til tross for at også dette skogområdet nok har blitt hardt utnytta med hogst dei siste 500 åra, viser altså artsfunn at det framleis er viktig skognatur i området. Med vern av dette området, vil eksempelvis naturkvalitetar knytt til regnskogsmiljø og naturskog over tid utvikla seg og kunne utgjere stadig viktigare levestad for artsmangfald knytt til slike miljø.

Samanhengande område og økologiske nettverk

Frå før grensar Austefjorden og Blånuten naturreservat til dei tre naturreservata Geitaknottane, Yddal, og Setråsen og Femanger. Med denne utvidinga vil også reservatet grense til edellauvskogsreservatet Tveitane i søraust. Totalt vil dei fire verneområda ha eit samla areal på drygt



50 000 dekar. Dette er naturreservat med nasjonale naturkvalitetar blant anna knytt til gamal naturprega skog, vestnorsk regnskog, rikare myrar, edellauvskog og sumpskog.

Vern av utvidingsområdet vil i tillegg ytterlegare styrka dei landskapsøkologiske samanhengane til dei tre nærliggande skogreservata Håvikevatnet, Skarvatun og Stussvikhovda, som no vil vere under 3 km frå næraste naboreservat. Vernet vil gjere at populasjonar av artar, og naturtypar, vert meir robuste til å stå i mot påverknad utanfrå i tillegg til klimaendringar.

Vernet vil dekke manglar i skogvernet

Vern av området vil bidra til å dekke manglar skogvernet innan rik edellauvskog, gamal furuskog, og kalk - og lågurtfuruskog (NT). I tillegg bidrar vernet med ivaretaking av fleire sjeldne artar, både knytt til stabil høg luftfukt, mineralrik skogsbotn og kontinuitetselement som død ved og gamle lauvtre. Verneframlegget utgjer «låglandsskog» frå 50 m til om lag 300 moh, og er innafør vegetasjonssonene: nemoral, boreonemoral og sørboreal.

Kva betyr det at eit område vert verna?

For å ta vare på store og sårbare naturkvalitetar i eit område er det nødvendig med ei verneform som sikrar mot inngrep. Det er difor ønskjeleg å verne om områda som naturreservat etter naturmangfaldlova § 37. Ei slik verneform vil i utgangspunktet forby aktivitetar og nye anlegg som kan skade verneverdiane i naturreservatet. Vernet vil òg føre til visse restriksjonar på bruk av området, både når det gjeld hogst og andre inngrep. Grunneigar vil framleis ha rett til jakt, fangst og fiske, og ålmenta vil framleis kunne plukke matsopp og bær. Turstiar som er i området skal òg kunne haldast ved like, det vil også gjelde skogsveg som går inn i verneområdet.

Innspelet til verneprosessen

Vi meldte offisiell start av vernearbeidet 12. mars 2026 og det har kome inn totalt sju innspel, alle frå offentlege instansar.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) uttalar at dei kjenner ikkje til energi- og vassdragsinteresser innafør utvidingsområdet til naturreservatet. Samstundes ber dei at områdekonsesjonæren BKK AS uttalar seg om verneframlegget kjem i konflikt med eksisterande eller planlagde nettanlegg i dette området.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi tek innspelet til NVE til orientering og legg til BKK AS som høyringspart i dette brevet.

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) skriv at i fylgje Norges geologiske undersøking (NGU) sin ressursdatabase er det fleire registreringar av sulfid- og koparregistreringar i nærleiken av det føreslegne utvidingsområdet. NGU har ikkje gjort verdivurderingar av registreringane. Kopar er av EU vurdert til å ha ein særleg viktig og strategisk betydning som råvare.

Vidare skriv DMF at sørlege del av det aktuelle utvidingsområdet for naturreservatet, røyrrer ved ein undersøkingsrett etter statens mineral for kopar og sink. Bergretten er gitt QWB Liberty Copper AS den 30. januar 2026. Direktoratet skriv også at det bør utformast dispensasjonsvilkår som opnar for undersøking etter kopar og sink innafør områdeframlegget. Dersom tilgangen til viktige mineralressursar blir påverka, må det vurderast nærare om området skal vernast. DNF ber om at Statsforvaltaren orienterer rettshavarar om verneprosessen, om verknadene av eit vern, og om å høyre om det er planlagt undersøkingar i området. DNF har sendt kopi av innspelet til QWB Liberty Copper AS.



Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi noterer oss innspel frå Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard. Vi har ikkje fått innspel frå QWB Liberty Copper AS, og ved søk på nettet finn vi ikkje kontaktinformasjon til eit føretak med det namnet. Ved å gå inn på den digitale oversikta over bergrettar, ser vi at det er «COASTAL MINERALS AS» som har mange av undersøkingsrettane i Vestland og i dette området.

Vi merkar oss at ein svært liten del av det store aktuelle område for undersøkingsrett er innafor utvidingsområdet for naturreservatet. Eksisterande verneforskrift for Austefjorden og Blånuten naturreservat, og tilhøyrande framlegg til endringsforskrift til denne, opnar ikkje for å gje dispensasjon for inngrep/aktivitetar knytt til undersøking av berggrunnsressursar. Vi har lagt til føretaket «COASTAL MINERALS AS» i høyringslista slik at dei kan kome med innspel til denne høyringa.

Landbruksdirektoratet har kome med generelle innspel der dei ber om at det vert omtalt korleis området vert nytta til landbruksføremål. Og dersom det finst landbruksinteresser i området som ikkje vert ivareteke i utkast til verneforskrift, så bør dette grunnjevast. Det gjeld skogsvegar for tilgang til «bakanforliggende/tilgrensande areal», landbruksveg, støl/seterområde, beite og beiterettar. I tillegg ber Landbruksdirektoratet om at skjema for avvegning av betydinga området har for vern og for skogbruksnæringa.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Areala innafor verneframlegget er slik vi kjenner til i liten grad nytta som utmarksbeite. Det er eksempelvis heller ikkje registrert organisert beitelag med beite innafor området i Beitelagskartet til NIBIO. Likevel er det opning for beite i verneforskrifta og høve for å etablere gjerde for å ha utmarksbeite. Så vidt vi kan sjå, er det heller ingen skogsvegar/traktorvegar innafor verneframlegget som «sperrar» av tilgang til bakanforliggende areal.

Skjema for avvegning betyding området har for vern og for skogbruksindustrien er lagt ved denne høyringa. I dialog med Landbruksavdelinga hjå Statsforvaltaren, har vi grensa ut om lag 125 dekar ovanfor Ølvesvegen på eigedom 22/5. Det fordi området hadde lågare naturverdiar og det var ønskeleg å få tilgang til framtidige tømmerverdiar på naboeigedom 22/1-2. Som også omtalt ovanfor i dette brevet, går det ein skogsbilveg på eigedom 22/5 med noko omkringliggende gran som er inkludert i dette verneframlegget. Vi har inkludert denne, for å redusere potensiale for negative økologiske kanteffektar sentralt inn i verneområdet. Mindre del av eit litt større granbestand på eigedom 29/2 er også inkludert i verneframlegget. Dette er eit granbestand utan vegtilknytning og som elles ikkje er i «aktiv bruk». Vi har valt å inkludere dette for å sørge for ei robust arrondering av verneområdet og for å sikra at uttaket av gran her vert gjort på ein skånsam måte i regi av miljøforvaltninga. Arealet ligg inntil eit større bekkedrag og rikare myrsystem med blant anna den regionalt sjeldsynte blåpraktvassnymfa.

Språkrådet har i sin uttale tilrådd at vi vidarefører eksisterande namn på reservatet Austefjorden og Blånuten naturreservat.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi tek uttalen til Språkrådet til orientering.



Statens vegvesen uttalar at det ikkje er vegar eller anna infrastruktur dei har ansvaret for i området og har dermed ingen merknader til verneframlegget.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi tek uttalen til Statens vegvesen til orientering.

Statnett skriv at verneområdet ikkje rører ved deira anlegg eller framtidige planar, og har dermed ingen merknader til verneframlegget.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi tek uttalen til Statnett til orientering.

Birdlife Norge Sunnhordland lokallag støtte verneframlegget og understrek at tiltaket er særleg viktig for å sikra nasjonalt verdifull skognatur og styrka landskapsøkologiske nettverk i vår region. Avslutningsvis uttalar dei at ein saknar spesifikk ornitologisk kartlegging som ein del av vernearbeidet.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi ser det som særleg positivt at Birdlife Norge ved Sunnhordland lokallag støttar dette framlegget om å utvida Austefjorden og Blånuten naturreservat. Vi er også heilt eining i at vi burde hatt ei eige kartlegging/inventering av fugleførekomstane i området. Det er det dessverre ikkje ressursar til i slike verneprosessar som dette. Det kan tenkjast at hadde vore mogleg å fått finansiert noko slik kartlegging, dersom aktuelt område med eit visst sannsyn hadde hatt heilt spesielle førekomstar eller problemstillingar knytt til fugl, men så vidt vi kjenner til, er ikkje det situasjonen for Austefjorden og Blånuten naturreservat.

Utvidinga krev små oppdateringar i verneforskrifta

Utvidingsområdet til naturreservatet vil ha dei same vernereglane som dagens Austefjorden og Blånuten naturreservat. Det vert likevel gjort nokre små endringar i eksisterande verneforskrift for å oppdatere aktuelle tema. Både kommunenamn og namn på fylke må oppdaterast, i tillegg til å legge til dei nye eigedomane som vil inngå i reservatet. Vi opnar for bruk av mellombelse mobile jakttårn for storviltjakt, og for forsiktig rydding av småbuskar og kvist i siktelinjer ved faste jaktpostar i samband med stoviltjakt. Dette vert gjort gjennom ei endringsforskrifta vedlagt. Ingen av desse endringane vil auke restriksjonsnivået i verneområdet.

Lokalt forvaltingsansvar?

Ved oppretting av nye naturreservat er det rutine å høyre om kommunane ønskjer lokalt ansvar for forvalting av naturreservata. Eit slikt ansvar vil i så fall også gjelde alle naturreservat i kommunen. Kravet er at kommunen har tilstrekkelege ressursar og kompetanse til å utføre ei slik oppgåve. Austefjorden og Blånuten naturreservat ligg både i Bjørnafjorden kommune og Kvinnherad kommune. Vi ønskjer attendemelding frå begge kommunane om eit slikt lokalt forvaltar ansvar er ønskjeleg.

Innspel og vidare framdrift

Det er ønskjeleg med innspel på verneforslaget slik at prosessen og tema kan verta så opplyst som mogleg. Etter at innspel på denne høyringa føreligg, vil vi vurdere innspela og ta endeleg stilling i vår tilråding av vern til Miljødirektoratet.



Meir informasjon om naturkvalitetane, kartavgrensing og bilete frå områda finn du på nettstaden vår <http://www.statsforvaltaren.no/vestland> under sida «Høyringar». Her kan du også sende inn innspel til denne oppstartsmeldinga.

Du kan også sende innspel med brev til Statsforvaltaren ved miljøavdelinga, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger, eller per e-post til sfvlpost@statsforvalteren.no. Vi har også ei eiga temaside om frivillig skogvern med generell informasjon om ordninga.

Frist for å kome med innspel er 15. september

I adresselista har vi forsøkt å få med alle dei aktuelle høyringspartane vi veit om. Dersom de finn feil eller veit om fleire partar som de meiner burde ha fått brevet ber vi om tilbakemelding om dette

Med helsing

Aslaug Aalen
miljødirektør

Eline Orheim
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Miljødirektoratet
Framtre

Postboks 5672 Torgarden

7485

TRONDHEIM

**Mottakarliste:**

Kommunal- og moderniseringsdepartementet	Postboks 8112 Dep	0032	OSLO
Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
Landbruksdirektoratet	Postboks 56	7701	STEINKJER
Vest politidistrikt	Postboks 85	6901	FLORØ
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard	Postboks 3021 Lade	7441	TRONDHEIM
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Luftfartstilsynet	Postboks 243	8001	BODØ
Forsvarsbygg	Postboks 405 Sentrum	0103	OSLO
Avinor	Postboks 150	2061	GARDERMOEN
NTNU	Postboks 8905	7491	TRONDHEIM
Høgskulen på Vestlandet	Postboks 7030	5020	BERGEN
Norsk institutt for bioøkonomi	Postboks 115	1431	ÅS
Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN
Det norske skogselskap			
Den Norske Turistforening	Youngstorget 1	0181	OSLO
Fortidsminneforeningen	Dronningens gate 11	0152	OSLO
Friluftslivets Fellesorganisasjon	Nedre Slottsgate 25	0157	OSLO
Friluftsrådernes Landsforbund	Gamle Drammensvei 203	1337	SANDVIKA
Norsk institutt for naturforskning	Postboks 5685 Torgarden	7485	TRONDHEIM
KS - Kommunesektorens organisasjon	Postboks 1378 Vika	0114	OSLO
Natur og ungdom	Postboks 4783 Sofienberg	0506	OSLO
NHO Reiseliv	Postboks 5465 Majorstuen	0305	OSLO
Norges Bondelag	Postboks 9354 Grønland	0135	OSLO
Norges Dykkeforbund	Serviceboks 1, Ullevåll Stadion	0840	OSLO
Sør-Norges Fiskarlag	Slottsgaten 3	5003	BERGEN
Norges Jeger- og Fiskerforbund	Postboks 94	1378	NESBRU
Norges Geologiske Undersøkelse	Postboks 6315 Torgarden	7491	TRONDHEIM
Norges Handikapforbund	Postboks 9217 Grønland	0134	OSLO
Norges Miljøvernforbund	Postboks 539	5806	BERGEN
Norges Naturvernforbund	Miljøhuset, Marieboesgate 8	0183	OSLO
Norges Orienteringsforbund	Postboks 5000	0840	OSLO
Norges Skogeierforbund	Postboks 1438 Vika	0115	OSLO
Norsk Biologforening	Postboks 1066 Blindern	0316	OSLO
Norsk Bergindustri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Norsk Bonde- og Småbrukarlag	Akersgata 41	0158	OSLO
Norsk Botanisk Forening	c/o Naturhistorisk museum, Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Norsk Industri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Norsk Organisasjon for Terrensykling NOTS	Postboks 7079 St. Olavsplass	0130	OSLO
Norsk Ornitologisk Forening	Sandgata 30 B	7012	TRONDHEIM
Norsk Sau og Geit	Postboks 104	1431	ÅS
Norskog	Postboks 123 Lilleaker	0216	OSLO
Norsk Zoologisk Forening	Boks 102 Blindern	0314	OSLO
Sabima	Mariboegate 8	0183	OSLO



Statens Kartverk	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS
Statkraft SF	Postboks 200 Lilleaker	0216	OSLO
Statnett SF	Postboks 4904 Nydalen	0423	OSLO
Technogarden	Vestfjordgaten 4	1338	SANDVIKA
Universitetet i Bergen	Postboks 7800	5020	BERGEN
Universitetet i Tromsø - Norges arktiske universitet	Postboks 6050 Langnes	9037	TROMSØ
WWF Verdens naturfond	postboks 6784 St. Olavs Plass	0130	OSLO
Naturhistorisk museum	Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet	Postboks 5003	1432	ÅS
Vegdirektoratet	Boks 8142 Dep.	0033	OSLO
Stadnamntenesta på Vestlandet	Postboks 7805	5020	BERGEN
Norges Jeger- og Fiskerforbund avd Sogn og Fjordane	Dørndalsveien 114	7100	RISSA
BKK AS	Postboks 7050	5020	BERGEN
COASTAL MINERALS AS	Karenslyst allé 53	0279	OSLO
KVINNHERAD KOMMUNE	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
BJØRNAFJORDEN KOMMUNE	Postboks 24	5649	EIKELANDSOSEN
KOMMUNEDIREKTØREN SIN STAB			